

# Om fordømmar og røyndom

**RADØY:** – Amerikanarane trur at alt i Europa, og ikkje noko i Amerika, kan vera det eldste i verda. Heller ikkje kan noko i Europa vera det største i verda.

**EGIL OLSVOLD**  
Tekst og foto

– Og dersom det likevel er noko i Europa som er større enn i Amerika, så er det berre førebels. Ein held nok på å byggje noko i Amerika som vert det største!

Frank Aarebrot sette standarden for sine tankar om fordømmar og røyndom. Utgangspunktet gav eit hint om nokre av dei oppfatningane som rår og har rådd i tilhøvet mellom dei to kontinenta.

Det var fullt hus i Radøystova onsdag. Ikkje alle fekk sitjeplass. Vertskapet hadde dekkja bord, og serverte eplekake med krem, og kaffi til. Åse Britt R. Jakobsen innleia med musikk. "Country-tonar" passa godt til opplegget. Ho byrja med ein "Jodle-låt", og avslutta kvelden med "Tennessee Waltz", og ein ekte Hank Williams-song. Føredragshaldar, professor Frank Aarebrot, var i storform. Han fann seg ein stad om lag midt i lokalet, nådde fram til alle med bodskapen og kunnskapen sin, og held eit engasjert føredrag rett frå hjarta, utan manuskript. Anekdotane vart mange, krydra med gode, sjølvopplevde historier, humor og vidd.

## Hovudtema

til Aarebrot var utvandringa frå Norge og Europa til Amerika, og kva konsekvensar dette har fått for vårt tilhøve til "Landet for dei store draumane". For det var draumar, og forventning om noko betre som var drivkrafta hjå dei fleste.

## Drivkrefter

– Utvandringa frå Europa til Amerika var ei av dei største driv-

## Norge i Amerika og Amerika i Norge

kreftene som forma verdshistoria. Det religiøse aspektet var ikkje den største krafta. Etnisk forfølging var heller ikkje nokon dominerande faktor.

Delstaten Maryland er oppkalla etter "Maria den blodige", katolikk og dronning av England på 1500-talet.

Virginia er oppkalla etter "The Virgin Queen", Elisabeth I, som var protestant.

## Årsak og verknad

Mange fekk nok ei overrasking etter Aarebrot si analyse av "den vesle rotknollen, poteta", og kva den fekk å seie som drivkraft for, og påverknad på emigrasjonen. På 1600-talet døydde om lag halvparten av alle europeiske born i barsel. Etter at poteta kom til Europa og Norge overlevde dei fleste. Det førte til ein befolkningseksplasjon frå 1800-talet og utover. Det vart ikkje livsgrunnlag for alle! Emigrasjonen frå Norge tok til i 1821, med Cleng Peerson og "Restaurationen".

– Amerika eksporterte poteta, og fekk menneske attende! Odelsretten

Det er og mange mytar om kven som emigrerte, og kvifor.


– På grunn av odelsretten fekk vi mangel på arbeidsplassar på bondelandet, hevdar Aarebrot.

– Gardsbruka skulle ikkje delast, så det vart ikkje plass til alle. Men det er og ei myte at det var dei fattigaste som reiste. Granskingar har vist at odelsgutar var overrepresenterte, ikkje husmenn. Billetten til Amerika var dyr, og dei som åtte gard og grunn kunne låna pengar i banken.

## Re-emigrasjon

Ikkje alle som reiste ut vart verande i Amerika.

– Det er eit tankekors at Noreg har hatt den største re-emigrasjonen i Europa. Om lag 1/3 av



**AMERIKA-TANKAR:** Frank Aarebrot meistra framføringa særskilt godt utan manuskript. Talarstol var heller ikkje naudsynt. Han plasserte seg midt i stova, og greidde seg godt utan mikrofon og.



**STOD FOR MUSIKKEN:** Country music assosierer ein mest med USA. Åse Britt Jakobsen underheldt med rette "gitar-sound" og vakker røyst. Ho avslutta med "Tennessee Waltz" og ein ekte Hank Williams-låt.

dei som drog kom attende. Mange av dei kom att og tok gardane dei reiste frå på odelsretten sin, etter både 10, 20 og 30 år. Det skapte no mykje "vondt blod".

– Om amerikanarane sitt syn på europearane kan det seiast mykje. Når det vert hevda at amerikanarane oppfattar europearane som "idiotar", så har dei vel litt rett i det. I tre generasjonar har soldatar ofra livet sitt i og for Europa. Då er det vel logisk at mange meiner europearane får "segle sin eigen sjø", og greia seg som best dei kan. Men amerikanarane let oss ikkje i stikka. Men de veit, nokre av mytane verkar det som det er noko i. Og så er det godt å ha nokre historier, og vit-sar, å fortelje. Anyway!

**Nynorske**  
litteraturdagar 2012

**Aurland 26. - 28. oktober**  
Ei helg fullspekka med språk, litteratur, musikk og humor, der du m.a. kan oppleve:

Linda Eide  
Agnes Ravatn  
Lars Mæhle  
Olaug Nilssen  
Tones  
Ola og Lars Bremnes  
Brit Bildøen  
Gabriel Fliflet  
Åshild Ulstrup  
Ove Eide  
Roy Aron Myklebust  
Arnhild Litleré

Alt om den nynorske kulturfesten finn du på  
[nynorskelitteraturdagar.no](http://nynorskelitteraturdagar.no)



